

Fann ei ny retning i livet

Hilde Karin Stamneshagen stod framfor eit vegskilje. Skulle ho halda fram på i stien ho hadde tråkka opp, eller gå ein **heilt annan** veg?

Snorre Bang Utaker
snorre@bygdanytt.no

DET HEITER "sea change" på engelsk, og kjem frå Shakespeare, når ein går gjennom ei større forvandling i livet. Det finst rett og slett ikkje ei god nok oversetjing på norsk. I ein definisjon av omgrepet heiter det "ein gradvis transformasjon der ein held på forma, men endrar innhaldet".

EG KJEM TIL å tenkja på uttrykket når eg sit og snakkar med Hilde Karin. 44-åringen er komen heim til Osterøy, der ho vaks opp på Burkeland. Etter å ha flytta først til Bergen på 80-talet, gjekk turen vidare til studiar i Oslo. Der blei ho uteksaminert frå det renommerte franske moteakademiet Esmod for ti år sidan. Ho begynte å jobba som modellør, og laga blant anna klede for operaen i Göteborg.

— Eg var i ein arbeidssituasjon eg ikkje var nøgd med, og fann til slutt ut at eg ikkje var lukkeleg. Tilfeldigvis var eg innom Sirius-instituttet (naturmedisinsk skule) i Haugesund, og fann ei brosjyre om utdanning som livsrettleiing. Då tenkte

eg, yes! Dette har eg lyst å gjera. Ho blei skilt, flytta til Stavan-ger og pendla til studiane i Oslo.

I DESEMBER i fjor var ho tilbake på Osterøy. Med seg i bagasjen var fire års studiar innanfor sjølvutvikling, livsrettleiing, healing og energiarbeid.

— Eg føler behov for å vera nær naturen, og ha fred og ro rundt meg. Eg hadde budd i by i så mange år, og det var på tide å koma tilbake til røtene.

Ho bytte ut eit travelt liv i motebransjen med eit tilvære som sin eigen sjef.

— Eg ville jobba med menneske. Alt dette gjer eg fordi eg vil hjelpa folk. Det er hovudmotivet mitt. Eg har alltid vore ein person som folk har vend seg til når dei har problem så lenge eg kan hugsa. Så kvifor ikkje gjera det til eit yrke? spør ho. I heimen på Valestrand driv ho med alternativ behandling, i tillegg til å ha si eiga linje på Teletorget som spådame. Når Bn kjem, ligg klient Linda Horvei på eit massasjebord med pledd over seg.

I BAKGRUNNEN er det låg, hypnotisk musikk, mens Hilde Karin gjer rørsler over kroppen hennar, og trykkjer på bestemte stader.

— Dette er spa mot stress, seier Linda etter at behandlinga er ferdig. Ho har prøvd det meste for å få skikk på nakken sin. Kiropraktor, akupunktør og fysioterapeutar har alle kome til kort. Ho er glad for tilbodet som Hilde Karin kan gje.

— Eg meiner ein må prøva alt som er, frå legar til healing, og dette fungerer verkeleg. I dag var det som å bli senka ned i ei djup ro, seier ho.

— Vi jobbar med å få flyt i energien. Gjer det vondt, så er det ofte fordi noko sit fast ein stad av ein eller annan grunn, seier Linda.

HILDE KARIN jobbar med konfliktinnsikt både når det gjeld ein sjølv, innanfor familiar og på arbeidsplassen. Samtalen er ein viktig del av behandlinga.

— Teknikkane går ut på at du skal vera i stand til å endra ting sjølv. Det var ein arbeidsmetode som appellerte til meg; at du sjølv tar ansvar. I tillegg er det viktig å gje folk høve til å forstå seg sjølv betre.

Svært mange av dei som oppsøker ho klagar over eit for høgt stressnivå.

— Då jobbar eg med visse punkt på kroppen, enten intuitivt, eller fordi punkta har samanheng med der folk har vondt. Eg ser fysisk auraen til personar. Nokre stader er han gråaktig, mens der det er flyt, er han lys. Det handlar om å få flyt, og få opp blokkeringane. Har nokon vondt i nakken, er det kanskje i føtene du finn dei rette punkta.

I SAMBAND med utdanninga si måtte ho først ta kurs i sjølvutvikling, der ho gjekk gjennom trussystema sine. Ho fortel at dette er "ei reise innover i seg sjølv". Trussystem er uskrivne reglar som er blitt ein del av deg. Det er når desse trussystema ikkje fungerer, og i verste fall er sjølvdestruktive, ein bør prøva å forandra dei. Men å forandra på



STOISK RO: — Eg får ei svært god og avslappa kjensle, seier Linda Horvei om behandlinga. Ho kjem til Hilde Karin for å få skikk på nakken.

”Eg trur alle kan bli klar-synte, men det må trenast opp.

Hilde Karin Stamneshagen

